



Folgefonna på langs, Jondal-Rosendal

Dette er ein av vårskiturane i Noreg som må opplevast, og er umogleg å skildre med ord. Turen er full av kontrastar i alle dimensjonar som ein finn i Folgefonna Nasjonalpark. Attende til Jondal brukar ein sjøvegen, "Pilagutt" er ein ny båt som held i hevd at Hardangerfjorden er den enklaste og mest komfortable veggen mellom fjordbygdene.

Forslag til program:

Dag 1: Ettermiddag/kveld ankomst Jondal i Hardanger, middag og overnatting på Folgefonn Gjestetun.

Dag 2: Transport om morgonen frå Folgefonn Gjestetun til Folgefonn Sommarskiserter (19 km bilveg) 1200 moh. Startar å gå med feller under skia, etter 200 høgdemeter opnar den storslegne utsikta seg, ein ser dagens mål, Fonnabu, hytta som ligg i kanten av Sørfonna. God middag vert servert på hytta om kvelden

Dag 3: Tidleg opp for å utnytte hard morgonsnø. Kursen går sørover breen heilt til me skliar ut av breen og byrjar på flotte bakkar ned mot Rosendal. Under oss ligg Hardangerfjorden og blenkjer. Vår lukten slå mot oss når me nærmar oss Baroniet i Rosendal. Her ventar eit fantastisk måltid, før ei god nattssøvn. Ein kan overnatte på Rosendal Turisthotell eller Avlsgarden på Baroniet.

Dag 4: Etter frukost er det ein kort spasertur med skia på sekken ned til kaien i Rosendal. Her ligg "Pilagutt" og ventar på oss. No ventar ei fantastisk sjøreise på ein timestid tilbake til utgangspunktet. Frå fjorden kan ein sjå opp att på dei dramatiske fjella og kviteviddene mens du tenkjer på kva som skal bli din neste oppleving i Nasjonalparken. Alternativt om ein kjem frå Oslo eller Stavanger området kan ein ta båtturen dag 1, då blir det kortare kjøretur, og bilen står klar når du kjem ned til Rosendal. Alternativ til båt er minibuss Rosendal-Jondal (1 time/56 km).

Sesong: Frå midten av april til juni

Pris: frå 1990 NOK (dette inkluderer breførar, middag og overnatting på Fonnabu, i tillegg kjem transport og overnatting i Jondal og Rosendal). Minimum 6 deltakarar, eller at ein betaler for 6 deltakarar. Ved dårleg ver kan me tilby alternativ tur/aktivitet i området.

Web adresser med informasjon:

www.folgefonni-breforlag.no/turar/skitur.htm
www.folgefonn-gjestetun.no
www.baroniet.no
www.rosendalturisthotell.no
www.pilagutt.no

